


HELGA STAVE TVINNEREIM

MOLDE


# Embetsmannsbyen med utsynet

Under: Utsikt over Molde fra Varden.  
Foto: Guri Dahl.



Til høyre: Kart over det Molde som var før brann og krig herjet byen.

Nederst til høyre: Molde's ansikt mot fjorden rundt hundreårskiftet.



I Molde bys historie er bombeåttaka frå tyske fly i april 1940 den alvorlegaste hendinga. Krigsbrannen la den vestlege delen av Molde sentrum i ruinar. Den gamle trebyen forsvann, og ein ny og annleis by vart gjenreist. Det nye Molde blei ein syntese av lokal tradisjon og internasjonal påverknad. Slik lever vesentlege trekk frå den gamle byen vidare. Vi skal i denne artikkelen sjå den gjenreiste byen på bakgrunn av tidlegare historie og peike på endringar som er gjorde fram til i dag. Det er naturleg å spørje om desse endringane har gjort Molde til ein vakrare og meir attraktiv by.

og til dei monumentale Romsdalsfjella på den andre sida. Sjøen var lenge den viktigaste transportvegen då fjorden fører ut mot havet i vest. Hamna er framleis eit sentralt knutepunkt. Moldeelva deler sentrum i ein vestleg og ein austleg del.

Molde ligg ved 61 grader nord, som er dei varmekjære plantane si grense. Her veks mange ulike arter roser og planteslag som elles er uvanlege så langt mot nord. Byen vart alt i forrige århundre kjend som Rosenes by, og saman med dei storslagne naturtilhøva og den einestående utsikta vart rosene ein turistattraksjon. Dei vart ein del av byens karakter.


#### GEOGRAFISKE FORHOLD

Hovudtrekka i byens struktur er nær knytt til landskapet og naturen. Molde ligg lunt til ved nordsida av Romsdalsfjorden, i eit terreng som går skrått oppover mot åsen ovanfor byen. I den sørvende hellinga er det fri utsikt over fjorden med låge, langstrakte, furekledde øyar

#### BUSETNAD OG NÆRINGS LIV

Arkeologiske funn viser at her kan ha vore busetnad og jordbruk før om lag 4000 år sidan. Kring år 1600 tok eksporten av trelast seg opp, og det utvikla seg eit sentrum med busetnad på begge sider av brua over elvemun-





**Øverst:** Molde etter brannen i 1916.

**I midten:** Arkitekt Schumann-Olsens reguleringsplan fra 1916 for det brannherjede Molde.

**Til høyre:** Reguleringsplan av 1937, utarbeidet av professor Sverre Pedersen.

**Neste side, øverst:** Molde før krigen i 1940.

**Neste side, nest øverst:** Kart som viser ødeleggelsene i 1940.

**Neste side, i midten:** Soneplan for det nye Molde.

**Neste side, nederst:** Plan for Molde, godkjent av okkupasenten.



ningen. Molde fekk status som ladestad, eit bysamfunn voks fram i det gamle bondesamfunnet. Ein del av bustadhusa var kombinerte med arbeidsplass. Bebyggelsen var svært uregelmessig. Ei hovudgate knytte samfunnet saman. I 1742 fekk Molde kjøpstadstatus, same

året som Kristiansund. Privilegiebrevet var underskrive 29. juni av kong Christian VI på Hirschholm slott. Den 25. februar 1743 hadde bytinget sitt første møte i Molde.

Tidleg i 1660- og 70 åra fekk Molde sitt første preg av administrasjons- og embetsmannsby. Tollar, sorenskrivar, ammann, offiserar og prest slo seg ned i her. Embetsmennene hadde ei gruppe underordna personar med seg som var relativt laust knytte til staden. Menneske som dreiv handel, transport, handverk, jordbruk og fiske utgjorde den stabilt fastbuande gruppa.

#### BYGNINGSMILJØ OG SOSIAL ULIKSKAP



På 1700-talet viste bebyggelsesstrukturen ein tydeleg skilnad mellom gruppene. Bebyggelsen hadde vakse vestover på begge sider av den krokute gata. Dei store eigedomane var plasserte her med små hus innimellom. Kjøpmennene som hadde dei dyraste boligane, hadde vanlegvis sine hus i samanhengande rekke frå sjøen med boligen mot gata. Nokre embetsmenn budde i høgt takserte eigedomar med fleire hus, også sjøbuer. Handverkarane og arbeidarane sine hus fanst over alt, men dei aller minste våningshusa var mot slutten av 1700-talet i Reknesrøysene. Husa i Myra var takserte i eit mellomskikt. Det same gjaldt husa i dei to kyrkjebakkane. Storleiken på desse husa er ukjend. Mange handverkarar og arbeidarar hadde båtnaust jamvel om dei ikkje budde ved sjøen. Tomtene på 1700-talet var svært uregelmessige i forma. Dei fleste hadde ein hagefleck. Plankegjerdar var vanlege.

#### EIN FREDELEG LITEN BY

Staden hadde utedleg offentlege og halvoffentlege bygningar. Den første kyrkja stod ferdig i 1660-åra. Reknes hospital for leprasjuka vart bygd i 1714-16. Rådstua (rådhuset) var med i takstlistene i 1767. Tollbua med husvære for embetsmenn var ein av dei største bygningane ved gata. Kyrkja brann i 1885, og arkitekt Henrik Nissen i Christiania teikna den nye trekyrkja som vart prefabrikkert i Christiania og send med båt til Molde. Den vart innvigd i 1887.

I området kring hamma og den opphavelige, krokute landevegen, utvikla busetnaden seg vidare. Kring 1830 skildra engelskmannen John Barrow Molde slik: «Molde er nok en liten by, men inneholder atskillig større hus og er et sted med en viss betydning. Gatene var i god orden, husene nette og for det meste hvitmalt.»

At Molde hadde vakse fram utan plan, kjem fram i Bjørnstjerne Bjørnsons roman *Fiskekjønten* der han i 1868 skildra Molde som ein by




som var «kastet opp av havet» og seier vidare: «Langs bryggene i vår lille by ligger den eneste gate: de hvit- og rødmalte en- og to etasjes hus følger denne på den annen side, og ikke vegg i vegg, men med smukke haver imellom; det er altså en lang, bred gate som for øvrig i pålandsvind lukter av det som er på bryggene.»

Fram til Murtvanglova av 1904 var bygningane som regel av tre og i pakt med lokal og regional byggeskikk. Kombinasjonshus var vanlege i det gamle senteret. På 17- og 1800 talet drog bebyggelsen seg oppover i landskapet. Utviklinga på 1900-talet førte til reguleringsplanar, byutvidingar i 1915, 1952 og kommunesamanslåing med grannekommunen Bolsøy i 1964. Byen hadde då blitt eit senter for offentleg administrasjon, moderne industribedrifter, forretningar og tenester.



## BYBRANN OG REGULERING

Natt til 16. januar 1916 vart den austlege delen av Molde øydelagd av brann, og brua over Moldeelva gjekk tapt. Arkitekt Schumann-Olsen, Bergen, utarbeidde reguleringsplan for det brende stroket i samarbeid med stadsingeniøren i Molde, Lars Rivenæs. Planen vart approbert i 1916 og med endringar i 1917. Den førte til relativt store forandringar i gatesystemet ved Moldeelva. Bydelen blei dessutan oppattbygd med fireetasjes murhus som kom til å stå til dels spreidde, då ikkje alle tomter vart utbygde. Mange rosehagar kom bort. Den trekantforma plassen ved elva utgjorde eit anna nytt innslag i bybiletet. Bybrannen i 1916 markerte ei ny tid i Molde by sin historie. Den nye arkitekturen stod i kontrast til trebyen på vestsida og gjorde byen mindre heilskapleg.



Til høyre: Moldegård. Deler av interiøret er fra 1604. Arkitekturguiden: 1. Foto: Guri Dahl.





**Over:** Utsnitt av arkitekt Ole Landmarks forslag til bygningstyper for Molde. Til venstre: torget med rådhuset.

**Til høyre:** Arkitekt Knut Knutsens reguleringsforslag for Moldes sentrale bykjerne.

I 1935 vedtok Molde kommune å få ein reguleringsplan for byen. Professor Sverre Pedersen ved NTH tok på seg oppdraget, og i samarbeid med byingeniør Ingar Findahl la han fram eit utkast i 1937. Den hadde bykartet frå 1930 som utgangspunkt. Professor Pedersen ville gjere Molde meir moderne, funksjonell og vakker. Roser og grøntanlegg skulle få større plass. Han la særleg vekt på å tilpasse planen til dei naturgjevne forholda. Opningar i bebyggelsen var nødvendig for å integrere utsynet mot Romsdalsfjella og fjorden. Hovudgata er retta opp og utvida, men går i sitt gamle løp. Ei avlastingsgate er lagt høgare oppe i terrenget. Torget er opnare, og sentrum har fått eit samanhengande gate- og kaianlegg langs strandlinja. Areala i utkanten er ordna etter eit strammare system som minner om

engelske hagebyar, med småhus og hagar mellom rette og svinga gateløp. Industrierområda er utskilde og plasserte utanom sentrum. På grunn av eksisterande bebyggelse var det lite realistisk å planleggje ei meir djuptgripande endring av det gamle bysenteret. Den andre verdskrigen hindra realisering av planen.

#### KRIGSBRANN OG GJENREISING

Krigen nådde Molde 15. april 1940, og tyske fly bomba byen fram til 29. april. Heile den vestlege bykjernen vart lagd i ruinar, eit areal på 125 mål. 800 av dei 4000 innbuarane miste heimane sine. Kyrkja og sjukehuset strauk med, men rådhuset stod att. Molde skulle gjenreisast, og spørsmålet om ny byplan stod sentralt. Professor Sverre Pedersen vart beden om hjelp, og planlegginga av det nye Molde var i gang. Då meir enn 20 bysamfunn var blitt bomba, skipa Administrasjonsrådet ein statleg organisasjon, Brente Steders Regulering (BSR), for å samordne gjenreisingsarbeidet. Professor Sverre Pedersen tok på seg leiarvervet og hadde stillinga frå 1. juli 1940 til 1. juli 1945. Framstående norske arkitekter arbeidde for BSR.

Det første planutkastet for Molde låg klart i august 1940. Det var utarbeidd av professor Pedersen i samarbeid med byingeniør Dørum. Det bygde på planen av 1937, men den totale utslettinga av sentrum gav større armslag for nyskaping og oppfølging av tidlegare idear. Av praktiske og økonomiske grunnar blei den gamle infrastrukturen nytta der det var mogeleg. Ein ny bygningstype, lamellen, er plassert ved Storgata. Grøntanlegg med roser skulle kome mellom husa. Områda utanfor murgrensa har småhus med hagar som tidlegare.

Utforminga av torget starta ein langvarig debatt i Molde. Publikum sine reaksjonar på det første planutkastet førte til ei utviding av torgarealet mot nord, og bystyret vedtok å byggje nytt rådhus ved torget. Planen var godkjend av det lokale bygningsrådet då den tyske okkupasjonsmakta for alvor greip inn i saker som galdt innanrikspolitiske forhold i Noreg. Dette hende etter Reichskommisar Terbovens tale 25. september 1940.

I kva grad tyske fagfolk som representerte Hitlers nasjonalsosialistiske regime, sette preg på norske byplanar under krigen, er eit interessant spørsmål. Den tyske okkupasjonsmakta sitt kontor var kontrollinstans alt sommaren 1940. Det er likevel vanskeleg å påvise innverknad på norsk byplanlegging dei første månadene av krigen. BSR arbeidde med byform og hustypar utan tyske direktiv. Terbovens tale hausten 1940 markerte ei meir aktiv holdning. Planleggingsarbeidet i Noreg vart stansa, og

alle utarbeidde planar vart sende til Berlin til kontroll og godkjenning.

Planen for Molde kom tilbake frå Tyskland våren 1941 utan pålegg om vesentlege endringar. Den vart godkjend 15. juni 1941. Då hadde arkitekt Ole Landmark utarbeidd forslag til bygningar i sentrum. Dei er på tre etasjar og av mur. Den ytre formen er enkel, prega av eit nøkternt, internasjonalt formspråk assosiert med funksjonalismen. Bygningane, som var utarbeidde etter retningslinjer som la vekt på totalverknad og ein heilskapleg by, hadde saltak eller valmtak. Materialbruken var bestemt av Murtvanglova av 1904. Den gav den nye bykjernen eit nytt preg, men storleiken på husa, takformen og plasseringa langs Storgata som framleis låg i det opphavelige løpet, viser røter tilbake til den gamle byen. Funksjonen i kjernen vart i store trekk den same som før. Kombinasjonsbygningane fekk ein dominerande plass, eit teikn på at det moderne sonedingsprinsippet vart berre delvis gjennomført. Strandpromenaden var ny, og revisjonar av planen under krigen gav bygningane ved hamna ny plassering. Dei vart meir like dei gamle sjøhusa med gavlen mot fjorden.

#### GJENREISING ETTER KRIGEN

Få permanente hus vart bygde i Molde under krigen. Gjenreisninga starta for fullt først i 1945. Ei revidering i 1945 av byplanen frå krigen førte ikkje til nemnande endringar. Debatten om hushøgda var livleg, då huseigarar hadde sterke ønske om å bygge høgare enn tre etasjar. Dette vart ikkje imøtekome. Utforminga av torget var framleis eit omstridt tema. BSR ville skaffe byen ein open plass, ein marknads- og utsiktsplass forma som ein allmenning frå fjorden opp til rådhuset. Professor Pedersen hadde alt i augustplanen frå 1940 poengtert å

fange inn utsikten mot fjord og fjell. Han gjekk inn for å byggje husa ved enden av torgplassen ved fjorden i fire etasjar for å ramme inn utsikten. Arkitekt Jacob Hanssen hadde i 1942 laga akvarell av området med tittelen «En by med innrammet utsikt».

Etter krigen var moldensarane misnøgde med denne torgforma. Det var difor arrangert ein arkitektkonkurranse i 1946 for å få fram ei meir oppmjuka og mindre symmetrisk løysing. Det kom inn fleire forslag der aksen er mindre dominerande, m.a. frå BSR, arkitekt Erik Rolfsen, Finn Giertsen og Knut Knutsen. Seinare laga dei lokale arkitektane Ivar Bjordal (1947) og Ole Lind Schistad (1949) nye framlegg, men ingen av utkasta vart godkjende. Torget var difor uferdig heilt til 1955, men då stod det berre att å plassere rådhuset ved øvre torg. Professor Sverre Pedersen vart på nytt kontakta for å lage plan for torget. Han tok opp att sin gamle idé om utsiktsplass mot det særprega panoramaet. Planen vart godkjend, og ideen realisert. Dermed var BSR sin byplan frå krigen i hovudsak gjennomført, tilpassa terreng, landskap og opphavelig busetnadmønster. Det nye Molde stod fram som ein einskapleg by, med enkle bygningar langs moderniserte gateløp. Den kan illustrerast med ark. Jacob Hanssens akvarell bygd på Molde bymodell av 23.03.1942 «En by og et landskap».


Kyrkja, teikna av arkitekt Finn Bryn, var under bygging ved torget i 1955, og rådhuset av arkitektane P. Cappelen og T. Rodahl vart innvigd i 1966. Rådhuset sitt arkitektoniske formspråk skil seg frå dei andre bygningane i bykjernen. Det tilhøyrer ein seinare epoke. Det hadde teke 26 år å gjenreise Molde sentrum.

Til høyre: Forretningsareal i sidefasade til Molde kino og bibliotek. Arkitekturguiden: 58. Foto: Guri Dahl.



Til høyre: Molde torg. Foto: Gun Dahl.

Til høyre, under: Perspektiv av «Rosenes by». Akvarell av Jacob Hanssen.



#### Kjelder:

Tvinnereim, Helga Stave: *Det nye Molde*. Ein studie av gjenreisinga etter bombinga i 1940 på bakgrunn av ulike retningar innan europeisk bybyggingskunst og med særleg vekt på professor Sverre Pedersens planarbeid for norske byar og tettstader. *Møreforskning* 1986 (doktorgradsavhandling, ikkje publisert).

#### ENDRINGAR I BYBILETET ETTER GJENREISINGA


Bebyggelsen i Molde sentrum har gjennomgått forandringer etter gjenreisingsperioden. Byutviding, kommunesamanslåing, folkeauke, endringar i næringsgrunnlag og økonomisk vokter er døme på faktorar som har skapt behov for nye bygningsareal og tvinga fram ei sterkare utnytting av bykjernen i Molde. Restriksjonane som gjaldt hushøgdd, har vike for krav om påbygg på husa. Opne rom mellom bygningar er fylte opp med tilbygg og nye hus. Påbygg av bygningar har brote den einskaplege verkningen den gjenreiste arkitekturen hadde som eit karaktertrekk. Rosene har ikkje lenger den sentrale plassen i bykjernen som ein ønskte då byplanen vart forma. Torget har mist sitt samanhengande opne rom til fordel for restau-

rant og parkeringsplass for bilar; det er ikkje lenger ein fredelig plass der ein kan nyte det særprege utsynet. Grunnleggjande estetiske idear frå gjenreisingsperioden er borte. Truleg har dette ført til at Molde er blitt eit meir effektivt handelssentrum, men spørsmålet er om det har gjort Molde til ein trivelegare, vakrere og meir attraktiv by enn før og styrkt byen sin posisjon som ein av dei første og i si tid fremste turistbyane i Noreg.

HST

# TORGET — en veneziansk visjon for Molde




Denne siden: Som Venezia åpner seg mot Canal Grande åpner Molde seg mot fjorden. De to bildene viser utsikten fra rådhuset. Tegningen, utført av Jacob Hanssen i 1943, illustrerer visjonen fra Brente Steders Reguleringsplan. Bildet under viser torget i et fotoopptak fra 1984.








Denne siden: 1. Nordfasaden av Molde kirke. Arkitekt: Finn Bryn. Foto: Guri Dahl. 2. Dagens situasjon på torget. Foto: C. A. Sylthe. 3. Plassrommet på rådhusstaket leder frem til domkirken. Foto: C. A. Sylthe. 4. Utsnitt av stadsfestet reguleringsplan fra 1942. 5. Perspektiv av plassrommet med rådhuset i fonden. 6. Oppriss av Molde's møte med fjorden etter en arkitektonisk bearbejding av reguleringsplanen, 1942. Arkitekt: Ole Landmark, tegninger: Jacob Hanssen.






7




8

**Denne siden:** 7. Rådhuset avslutter torgets plassrom. Arkitekt: Cappelen og Rodahl. Foto: C. A. Sylthe. 8. Tverraksen til domkirken er fanget opp av en sidegate. Foto: Guri Dahl. 9. Domkirken og rådhuset er hovedelementene i den urbane kjeme. Rådhuset, som ble bygget senere enn de andre bygningene rundt torget, formår på en ypperlig måte å knytte Molde kirke til resten av sentrumskjemen.



9



59

## ARKITEKTURGUIDE

# Molde

### Bolighus

#### 1700-1916

**1. Moldegård,** Fannestrandsveien 46, klassisistisk trepalé med H-formet grunnplan. Bevart interiør i søndre føy midre del fra 1604, utvidelse 1710  
Arkitekt: ukjent

**2. Tondergård,** Tonderveien 1, lite trepalé, klassisk portal med buesegment, fredet 1790  
Arkitekt: ukjent

**3. Noisørhed,** Fannestrandsveien 125, palladiansk nyklassisisme, inntrukket soylegang, fredet 1797  
Arkitekt: ukjent

**4. Fannestrandsveien 3,** det anonyme lille Moldehus 1860-tallet  
Arkitekt: ukjent

**5. Lubbenes,** Fannestrandsveien 117, intakt sveitserstilanlegg med vånehus og to uthus, bygd som landsted for kjøpmann fra Kristiansund 1870-tallet  
Arkitekt: Rasmus Brochmann Parelius

**6. Lergravik,** våningshus, driftsbygning og stabbur i sveitserstil, bygd som landsted for kjøpmann fra Kristiansund 1873  
Arkitekt: Rasmus Brochmann Parelius

**7. Furu (Holsmarka),** Belkevoldveien 20, våningshus i noktem sveitserstil, driftsbygning 1905  
Arkitekt: ukjent

**8. Villa Doktor Smith,** Sandveien 4, nyklassisistisk trevilla inspirert av bergensk 1700-tallsarkitektur (Frydenlund) ca. 1911  
Arkitekt: Gerhard Fischer

#### 1916-1940

**9. Parkveien 65,** nyklassisistisk trevilla i stor hage 1914  
Arkitekt: Gerhard Fischer

**10. Chateauet,** Parkveien 42, murvilla i tysk nybarokk stil, hageanlegg med fontene 1916-1918  
Arkitekt: Carl J. Moe med Sverre Pedersen som assistent, hagen planlagt av Marius Rohne

**11. Villa Parelius,** Julslundveien B1, nyklassisistisk trevilla med noktem detaljering 1919  
Arkitekt: Ole Lind Schistad

**12. Frøneveien 66,** trevilla i funksjonalistisk, kontrastfylt fargesetting og volumkomposisjon 1931  
Arkitekt: Ole Lind Schistad

**13. Bjørsito,** Sagveien 10, nyklassisistisk trevilla med inntrukket midtparti over to etasjer 1932  
Arkitekt: Jens P. Floor



12

**14. Villa Stravik**, Grandveien 2, trevilla i funksistil, del av større funksmiljø  
1938  
Arkitekt: Bjørne Thinn Syvertsen

### Gjenreisningstiden, 1940-1960

**15. «Svenskhus»**, Henrik Ibsens vei 5, bygd under 2. verdenskrig, gitt i gave av Svenske Røde Kors  
ca. 1942  
Arkitekt: ukjent

**16. Myrabakken 8**, typisk kombinasjonshus i mur (bolig/forretning) fra gjenreisningsperioden  
1948  
Arkitekt: Ole Lind Schistad

**17. Sandveien 24**, typisk eksempel på nok-tem etterkrigsvilla i tre, tradisjonsbunden  
1950  
Arkitekt: Ivar Bjørdal

**18. Garvellalleen 1**, modernistisk villa kledd med emalitplater, drastisk brudd med gjenreisningsperiodens tradisjonsbundne stil  
1952  
Arkitekt: Håkon Mjelva

**19. Øvre vei 3**, liten skeivrostet gjenreisningsvilla inspirert av vestlandsk byggeskikk  
1953  
Arkitekt: Sigmund Salvesen

**20. Villa Helland Hansen**, Julsundveien 91, rustikk trevilla inspirert av Bergens-skolen, eldre tommerstøve inkorporert i ny enebolig  
1957  
Arkitekt: Peter Helland Hansen

**21. Refnesveien 16**, trevilla med klar kubisk volumkomposisjon, tvernstilte volum  
1958  
Arkitekt: Ivar Bjørdal

**22. Refnesveien 13**, mindre trevilla, avskårde gavlskjerner  
1959  
Arkitekt: Ivar Bjørdal



24

### Nyere tid (1960-1992)

**23. Fylkesmannsboligen**, Glomstuveien 51, stram, «representativ» modernisme  
1960  
Arkitekt: Ole Lind Schistad

**24. Villa Bondewik**, Storåkeveien 18, trevilla med fin volumkomposisjon og detaljering, god landskapsstilpasning  
1964  
Arkitekt: Knut P. Bugge

**25. Aulaveien 31**, enkel enebolig med god landskapsstilpasning, god materialbruk og detaljering  
1967  
Arkitekt: Knut P. Bugge

**26. Bjørnstjerne Bjørnsons vei 34**, «usmin-ke» modernistisk enebolig i tegl og glass  
1969  
Arkitekt: Ivar Bjørdal

**27. Hatleblakka**, Solliveien 101, «diger bomaskin» på betongsøyler, frittstående heistam, sterk kontrast til Molde's preg som «villaby»  
1975  
Arkitekt: Knut P. Bugge

**28. Meek borettslag**, rekkehus i tre, pult-taksvolum med knapp detaljering komponert sammen i varierte mønstre, bilfritt bomiljø, fine gaterom  
1978  
Arkitekt: NBBL arkitektkontor v/Torstein Ramberg

**29. Kongsjøveien 15A**, postmodernistisk villa, kontrastfylte enkeltvolum, ekspresjonistisk  
1986  
Arkitekt: Kjell Kosberg

**30. Hansbøkken 8**, rustikk «byggeskikktilpasset» enebolig, del av større enhellig miljø  
1986  
Arkitekt: arkitektene Brandt, Bua og Walle

**31. Bakfinkveien 43**, kubisk murvilla, «nyfunktis», kontrastfylt forhold hus-terreng  
1987  
Arkitekt: Brandt, Bua og Walle

**32. Villa Rottum**, Lyngveien 31, kubisk enebolig med slakt pyramidetak, diagonal plassering på tomt  
1988  
Arkitekt: Kjell Vatne

### Industri, handel og kontor

#### 1800-1940

**33. Molde Jernstøperi**, Julsundveien 40, oppr. Gideon motorfabrikk, betongklassisisme  
ca. 1915  
Arkitekt: ukjent

**34. Superb Konfeksjonsfabrikk**, nasjonalromantisk nyklassisisme i pusset mur, gotiserende hjørnelykter  
1916  
Arkitekt: Carl J. Moe

**35. Alf Strønde AS**, Romsdalsgata 3, enkel nyklassisisme med sentralt tårn  
1923  
Arkitekt: Holger Chr. Hanssen


**36. Molde gamle apotek**, Strandgata 5, nyrenessanse, stiltypisk arkoppbygg med volutter  
1925  
Arkitekt: Holger Chr. Hanssen

**37. Radsetbygget**, Romsdalsgata 19-21-23, verkstedsbygg i funksjonalistisk stil  
1939 (nr.21-23), tilbygg 1957 (nr. 19)  
Arkitekt: Olav Rekdal, tilbygg v/arkitekt Kaare Larvik

### Gjenreisningsperioden, 1940-1960

**38. Strandegården**, Storgata 52, forretningsbygg i funksjonalistisk stil, sirkelformet utbygg  
1950  
Arkitekt: Ole Lind Schistad

**39. Sparebanken Møre**, Storgata 33, kubisk hovedform, streng fasadekomposisjon  
1955  
Arkitekt: Ole Lind Schistad



28

**40. Trappekiosken**, kombinert i trappeanlegg og kiosk i enkel monumentalstil  
1956  
Arkitekt: Sigmund Salvesen

### Nyere tid, 1960-1992

**41. Linjebygg AS**, Fannestrandsveien 5-4, modernistisk industrianlegg med «menneskelig ansikt»  
1961  
Arkitekt: Knut P. Bugge

**42. Oskar Sylte Mineralvannfabrikk AS**, Eikremsvingen 1, modernistisk industrianlegg med estetiske kvaliteter  
1973  
Arkitekt: Knut P. Bugge

**43. Molde Jernvareforetning AS**, Årøseterveien 17, lageranlegg i upusset tegl, bevisst materialbruk  
1983  
Arkitekt: 2BKW (Brandt, Bua, Kosberg og Walle)

**44. Aquatem AS**, Verflsgata 6, aluminiumsbygg med god volumform og detaljering, dekorativ bruk av konstruktive element  
1986  
Arkitekt: 2BKW

**45. Forumbygget**, Julsundveien 4, postmodernistisk kontorbygg og kulturhus, blikkfang, lek med geometriske former  
1988  
Arkitekt: Kjell Kosberg


**46. GN Internasjonal AS**, Eikremsvingen 4, industrianlegg med «presis» hovedform og detaljering, luftig hoveduttrykk  
1988  
Arkitekt: Kjell Kosberg

### Offentlige bygg


#### 1800-1940

**47. Det gamle rådhus og fengselet**, Øvre vei 1, pusset murbygg i historisk stil  
1861  
Arkitekt: Hannich Ernst Schirmer


modernistisk  
industrialisme  
1900 KRISTIANSUND N



58



58



58

**48. Kapell ved Molde kirkegård, Parkveien,**  
trekapell i drakestil  
1885  
Arkitekt: Henrik Nissen d.y.

**49. Molde Gymnas, Øvre vei 23, pussarkitektur, enkel nyklassisisme**  
1925  
Arkitekt: Jens P. Floor

**50. St. Karolus sykehus, Bjørnstjerne Bjørnson vei 6, funksjonalistisk pussarkitektur, klassisistiske trekk**  
1933, påbygd 1957  
Arkitekt: ukjent, påbygg ved arkitekt Knut P. Bugge

### Gjenreisningsperioden, 1940-1960

**51. Molde Brannstasjon, Øvre vei 26, gjenreisningsbygg med tradisjonelle trekk**  
1941  
Arkitekt: Finn Giertsen

**52. Metodistkirken, Elvegaten 7, pussarkitektur med tradisjonelle hovedtrekk**  
1946  
Arkitekt: Gnmgaard og Grøvstad

**53. Molde Aldersheim, Adjunkt Dørumsgate 24, betongklassisisme med gode volum og uteområder**  
1953  
Arkitekt: Frederik Konow Lund


**54. Molde katolske kirke, Parkveien 23, åttekantkirke av tre, fin romutforming**  
1953  
Arkitekt: Finn Giertsen

**55. Molde kirke, Kirkebakken 2, sent tradisjonelt kirkebygg i overgang mot modernismen, 2-skipet basilika**  
1957  
Arkitekt: Finn Bryn


**56. Kviltorp videregående skole, Venusveien 4, modernisme, husflidskole, inntrukket sokkel**  
1959  
Arkitekt: Knut P. Bugge og Ole Lind Schistad

### Nyere tid, 1960-1992

**57. Langmyra barneskole, Langmyrveien 60/64, modernistisk skolebygg, god terrengtilpassing**  
1960  
Arkitekt: Knut P. Bugge



Arkitekturguiden er utarbeidet av Christ Allan Sylthe (ansvarlig), Jens Petter Ringstad, Kjell Vatne og Bygningssjefen i Molde.



59

**58. Molde kino og bibliotek.** Gotfred Lies Plass 1, fine interiører, gateløpstilpasset eksterior  
1960  
Arkitekt: Håkon Mjelva og Knut P. Bugge

**59. Molde rådhus.** modernisme i frilagt betong, speilende glassflater, god byromtilpassing, tidstypiske interiører  
1964  
Arkitekt: Cappelen og Rodahl


**60. Bekkevoll Ungdomsskole,** Moldeliveien 100, modernisme, runde paviljongbygg  
1969  
Arkitekt: K.J. Scheffler

### Miljøer 1800-1940

**A. Området Fannestrandsveien – Banahaugen – Strandgata.** Eneste bystrøk som overlevde begge bybrannene (1916 og 1940).

**B. Området Fabrikksveien – Elvemoloen** Gjenreisningsområde etter bybrannen i 1916. Som følge av innført murtvang er store deler av bebyggelsen i elvemoloområdet bygd i mur.

**C. Grandveien.** Funksvillaer i tre.



55

### Gjenreisningsperioden, 1940-1960

**D. Storgata og Myrabakken.** Moldes sentrum med tre etasjes kombinasjonsbygg (forretning og bolig) i mur og betong.

**E. Torget.** Sentral plass med rådhus, bankbygg og rene forretningsbygg. Hovedgrepet i Sverre Pedersens gjenreisningsplan.

**F. «Svenskbyen».** Område med «svenskhus», vesentlig eneboliger, gitt i gave av Svenske Røde Kors for å avhjelpe bolignoden under krigen.

### Nyere tid, 1960-1992

**G. Solliveien – Hatelia.** Typisk nyere boligområde fra 1960- og 70-tallet, eneboliger, rekkehus og blokk (Hatteliblokka).

**H. Lingedalen – Moldegård – Bolsones.** Moldes industri- og serviceområde, bygd ut fra 1960-tallet og utover.

**I. Kvam og Meek.** Boligområde med tre borettslag (rekkehus, terrassehus og blokker) samt eneboliger.

**J. Nordbyen.** Stort eneboligområde. Utbygging startet på begynnelsen av 1980-tallet.